Førsteblad 1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 1.

Fylke: Telemark.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Kviteseid

Emne: Ard og Plog.

Bygdelag: Brunkeberg

Oppskr. av: J. Heggtveit

Gard: Heggtveit

(adresse): Meås.

G.nr. 103 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Nü: Men fortalt av bygdekaserar Olav Håtveit Brunkeberg. Han kan og seia korleis arden i bygdi såg ut.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Plog og ard var båe bruka i bygdi. Arden, bruka dei heilt til oml. 1910.
2. Ard vert ikkje bruka no. Den var i sin tid bruka både til konn-åkeren og til jøreplesetting. Den var ikkje kjöyrt på kryss og tverss då åkrane var bratte. Før det va sådd konn, bruka dei arden te å renske åkrane med. Dei sa at „dei braut te konn" eller „braut te jøreple". Samstondes var åkeren renska for ugras med grev, seinare truleg frå oml. 1830. med ei harv med jönntindar, fyrstons med tre tindar.

3. Arden var bruka te å setja jøreple med te fram mot 1910. Dei bruka den som dei no brukar hestehakka. Den var og seinare bruka som hyppeplog..

2355

4. Arden såg slik ut:



Nokon variant som nevnt kjenner ein ikkje te på desse kantar.

5. Skjekar av den typa[4] som tegningi visar, er ikkje bruka på arden som er tegna ovanfor.

6. Skoklane til ard og plog og harv vart kalla skokereid. Tverrtreet kallas håmol. Sjekane som var korte var festa te håmolen med vior, men i nyare tid hespar av jönn.

7. De er berre eit slag ardskjer som er kjent. Det var av jönn med stål i odden hell hösi.

8. På arden var ein slag veltefjålar av tre. Sett ~~ov~~ underfrå såg arden slik ut:



9. Ore ard er ikkje bruka om

2355 harvtypor

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

10. Djupleiken kunne ikkje reguleras, men arden var avbalansert so den gjekk oml. 15-20 cm djupt.

11. Det er ikkje bruka typor av (fig. 5-7) eller variantar.

12. Ardane var laga på garen av dei som var smekyndige, men helst var det bygdesmedan som gjorde dei for böndan.

13. F. t. brukast bare fabrikplogar. Dei nye plogarne var tekne i bruk frå århondreskifte. Dei eldre plogarne var ~~tekne~~ laga av bygdesmedar. Nokon pris på dei er det ingen som kjenner te.

14. Dei elste ploganе likna mest type fig. 12. Veltefjöla var ~~var~~ av tre og flat for de meste, med beslag av jarn på veltefjöl og på aursida eller landsida som dei sa her.

15. Slikt reidskap kjenner ein ikkje te hev vore bruka her.

16 og 17. På landsida var påsett ein mei til å tomkjöyra plogen på.



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

18. 4.
Enkelte ha både högre og venstre-plog.
19.
Det var inga stilling so plogen gjekk som regel i berre ein djupleik.
Dei ha ikkje stillbar kjöl hell slepe-sko.
20. Det var berre ein ristil på plogen
21-22. Plogen kjöyrde dei ut på ein slede hell for det meste var den boren på åkeren då den var töleg lett.
Nokon plog som berre ha ristil var kje brukt her i bygdi.
23.
Den plogen som var bruka i andre halvdel av förige århundra var av same type som Fig. 16., men på denne var de altid ristil.
Veltefjöla var vridd av ei jernplate.
På landsida var og plogen beslegen med jarn. ~~Denne plogen var~~. Denne plogen var smal, skjæret var omlag 15 cm brett.
Den var stilbar ved eit beslag i fram-enden på åsen. Dette var kalla beissel (bigsel). Det var og bygdesmedar som gjorde. Ein av dei var frå Seljord og heitte Øystein Thorsen Storgård han var född i 16 mars 1846. Like eins gjorde den kjente kåpårslagar Bjørguv Bergee i Morge-dal slike plogar.

Ordet ard utalast både som ar i fleire bygdar, men og ard med tydeleg utale av d.

2355

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Plog utalast som ein skriv. Båe hankjönn i Vest-Telemark, derimot er Skolereid neutrum. —

Det hende ofte at dei såg kjeringi drog arden og mannen gjekk å styrde. Dette var når dei ikkje ha hest. Dei gamle treplogar var so lette. Når dei ha åker som var steinut laut for det meste ha ein kar til ligga på plogen og halde den nei.
Dei ha ei heil mengd med forgravarar som gjekk etter å grov og hakka or stein å rötar. På den måten var og åkrane frie for ugras. Då särleg kvekerötar tok dei vekk på denne måten. Rötane vaska dei so og gav dei til kröteri.

2355
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING